



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president
Ekspedisjonskontoret
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/1280-

03.05.2016

Spørsmål til skriftleg svar nr. 878 / 2016 frå representanten Per Olaf Lundteigen

Eg syner til brev av 7. april 2016 frå presidenten på Stortinget. Stortingsrepresentant Per Olaf Lundteigen har stilt følgjande spørsmål til skriftleg svar:

"Kan statsråden gje eit oversyn over summen av årlege forelda krav frå NAV blei etablert 1. juli 2006 og fram til i dag, fordela dei årlege forelda krava i ulike intervall, oppgje fordelinga av dei årlege forelda krava mellom personar med og utan innvandrarakgrunn, synleggjera ev. enkeltgrupper som skil seg ut når det gjeld forelda krav, i tillegg til å drøfta kva utviklinga i samla forelda årlege krav over tid gjev av incentivverknader for personar busett i Noreg med tilgjenge til ytingar frå NAV?"

Eg legg til grunn at spørsmålet gjeld forelda krav knytt til feilutbetalingar og trygdemisbruk av ytingar som personar har motteke frå Arbeids- og velferdsetaten. Krav som gjeld barnebidrag er difor halde utanfor.

Eg vil innleie med å seie at det er viktig å prioritere arbeidet med å avdekke og krevje inn feilutbetalingar. Det er viktig av omsyn til legitimiteten til velferdsordningane og for å førebyggje trygdesvindel. Det er også ei stor utfordring om store summer går tapt som følgje av manglande avdekking og innkrevjing av feilutbetalingar.

Eg vil likevel presisere at feilutbetalingar har ulike årsaker. Det kan skuldast endringar hos brukaren som til dømes endring i inntekt, sivilstand eller arbeids- og aktivitetsforhold. Det

kan òg skuldast feil i sakshandsaminga eller i Arbeids- og velferdsetaten sitt IKT-system for sakshandsaming. Feil i ytinga kan ha vore tilfellet i fleire år, og ein del av beløpet kan difor vere forelda før feilen vert avdekt. I dei sakene der brukaren vert dømd for trygdesvindel vert ikkje beløpa forelda.

Det er ikkje mogleg å fordele dei årlege forelda krava mellom personar med og utan innvandrarbakgrunn, heller ikkje synleggjera ev. enkeltgrupper som skil seg ut når det gjeld forelda krav, dette fordi Arbeids- og velferdsetaten ikkje registrerer desse opplysingane om brukarane.

Tabellen under syner årlege krav som er motteke til innkrevjing, beløp som er innkreve og beløp som er forelda under innkrevjing. Tabellen syner at krav motteke til innkrevjing har auka frå noko over 250 mill. kroner i 2006 til om lag 1,2 mrd. kroner i 2015. Samstundes har innkreve beløp i same periode auka frå om lag 170 mill. kroner til om lag 750 mill. kroner. Det har med andre ord vore nær ei femdobling av både avdekka beløp og av innkreve beløp i perioden. Det er i same periode relativt avgrensa beløp som er forelda under innkrevjing, ei auke frå 1,5 mill. kroner i 2006 til om lag 16 mill. kroner i 2015. Det er viktig å vere klar over at beløp som er oppgjeve for kvart enkelt år kan come av feilutbetalingar over fleire år før dei blei avdekka, og at det vil ta fleire år fram i tid før dei er innkreve.

| År | Motteke til innkrevjing (tusen kroner) | Innkravd beløp (tusen kroner) | Forelda under innkrevjing (tusen kroner) |
|------|--|-------------------------------|--|
| 2015 | 1 195 939 | 751 901 | 15 950 |
| 2014 | 1 215 788 | 656 459 | 20 754 |
| 2013 | 1 014 431 | 605 609 | 14 493 |
| 2012 | 1 094 935 | 573 733 | 13 719 |
| 2011 | 842 842 | 440 007 | 10 215 |
| 2010 | 610 962 | 362 783 | 3 190 |
| 2009 | 465 386 | 257 019 | 1 019 |
| 2008 | 495 737 | 175 610 | 204 |
| 2007 | 246 088 | 165 059 | 937 |
| 2006 | 257 429 | 171 329 | 1 556 |

Tabellen ovanfor undervurderer likevel summen av årlege forelda krav, då det er ikkje ubetydelege beløp som blir forelda før dei blir motteke til innkrevjing. Det kan dels vere krav som allereie er forelda når dei blir avdekka, men det kan òg vere beløp som blir forelda medan etaten handsamer saka. Det føreligg ikkje statistisk informasjon over summen av årlege forelda krav frå Arbeids- og velferdsetaten for perioden 2006 til 2012.

Tabellen under syner årlege forelda krav før innkrevjing i perioden 2013-2015, etter lova om forelding. Tabellen syner at stordelen av krava som er blitt forelda i perioden, er blitt forelda før dei er motteke til innkrevjing. Det har vore ei auke frå om lag 150 mill. kroner i 2013 til om lag 270 mill. kroner i 2015, sjølv om auken i tala frå 2013 til 2014 primært kjem av at Arbeids- og velferdsetaten endra reknskapspraksis mellom desse åra.

| År | Sum årlege forelda krav før innkrevjing (tusen kroner) |
|------|--|
| 2015 | 272 492 |
| 2014 | 254 208 |
| 2013 | 150 254 |
| Sum | 272 492 |

Summen av dei årlege forelda krava i perioden 2013 til 2015 (før og under innkrevjing) fordelt på ulike intervall kjem fram i tabellen under. Den syner fordelinga i intervalla for beløp under 4100 kroner, det vil seie krav under fire rettsgebyr som Arbeids- og velferdsetaten etter lova kan la vere å handsame av prosessøkonomiske omsyn, beløp mellom 4100 og 60 000 kroner og beløp over 60 000 kroner.

| ÅR | Kategori | Tal | Sum |
|--------------------|--------------------|--------------|--------------------|
| 2013 | 1 til 4099 kr | 977 | 2 144 343 |
| | 4100 til 59 999 kr | 4 005 | 72 071 624 |
| | 60 000 og over | 646 | 90 548 418 |
| | Kreditsum eller 0 | 14 | -18 212 |
| Totalt 2013 | | 5 642 | 164 746 173 |
| 2014 | 1 til 4099 kr | 1 508 | 3 248 185 |
| | 4100 til 59 999 kr | 5 465 | 110 031 858 |
| | 60 000 og over | 1 154 | 162 205 933 |
| | Kreditsum eller 0 | 500 | -524 487 |
| Totalt 2014 | | 8 627 | 274 961 490 |
| 2015 | 1 til 4099 kr | 1 170 | 2 166 004 |
| | 4100 til 59 999 kr | 4 214 | 83 287 737 |
| | 60 000 og over | 1 522 | 204 429 343 |
| | Kreditsum eller 0 | 1 019 | -1 440 735 |
| Totalt 2015 | | 7 925 | 288 442 348 |

«Kreditsum eller 0» omfattar i hovudsak regnskapstekniske justeringar ved endring av krav.

Tabellen syner at mange av sakene som vert forelda gjeld relativt små beløp. I 2015 gjaldt knapt 15 prosent av sakene beløp på under kr 4 100. Om lag 53 prosent av sakene i 2015 gjaldt beløp under kr 60 000. Om lag 19 prosent av sakene gjaldt beløp på over 60 000 kroner, men samstundes utgjer desse sakene 71 prosent av totalsummen av forelda beløp, det vil seie hovuddelen av dei forelda beløpa.

I tråd med Arbeids- og sosialdepartementet sitt krav i tildelingsbrevet har Arbeids- og velferdsetaten vald å handsame dei store feilutbetalingssakene først, då det vil gje den største gevinsten. Desse sakene har ofte vore feil i mange år og delar av beløpet kan vere forelda når saka blir avdekka. Då vil og det gjennomsnittlege feilutbetalte beløpet per sak vere høgare.

Store saker har òg ofte innslag av manglande betalingsevne, samansette vanskar hjå brukaren og kriminelle forhold. Dette kan vere årsaka til at forelda beløp aukar.

Sjølv om det er store beløp som blir forelda, er det likevel mitt inntrykk at Arbeids- og velferdsetaten har fått mykje betre kontroll og oversikt over feilutbetalingsområdet dei seinare åra. Eg vil peike på at både beløp motteke til innkrevjing og innkreve beløp har verte nær femdobla i perioden frå 2006 til 2015, og at det også har vore ei auke i innkravd beløp frå 2013 til 2015 på nesten 25 prosent. Det vil likevel vere ressurskrevjande for Arbeids- og velferdsetaten å avdekkje alle feilutbetalningar. Kor store ressursar som skal nyttast til å avdekkje og følgje opp dei feilutbetalte sakene, må difor vegast opp mot bruken av ressursar på dei andre oppgåvene til etaten, til dømes å få personar i jobb.

I drøftinga om kva utviklinga i samla forelda årlege krav over tid gjev av insentivverknader for personar busett i Noreg med tilgang til ytingar frå Arbeids- og velferdsetaten er det fleire tilhøver å ta omsyn til. Velferdsordningane baserar seg i stor grad på tillit til at brukarar, arbeidsgjevarar og behandlarar jamleg gjev riktig informasjon, og at opplysingar i offentlege register er oppdaterte og lett tilgjengelege. Den einskilde mottakar har plikt til å melde frå om endringar, men brot på opplysningsplikta kan òg vere umedvete. God kvalitet i sakshandsaminga skal sikre at det ikkje blir gjort store feil i vedtak, utmåling og utbetaling av ytingar. Vidare må Arbeids- og velferdsetaten ha effektive kontrollar etter at vedtaket er fatta for å sikre at vilkåra for ytinga framleis gjeld.

Samstundes er det viktig at Arbeids- og velferdsetaten har effektive kontrollar etter at vedtaket er fatta, slik at ein i størst mogleg grad oppdagar feil og avdekkjer trygdesvindlar. Dette er viktig for å svekke insentiva til å misbruke trygdeordningane. Arbeids- og velferdsetaten nyttar òg media til å informere om dei verkemidla dei har for kontroll, då dei meiner dette verkar avskrekkande på dei som elles kan vere freista til å misbruke ordningane. Nokre forhold kan ikkje kontrollerast på ein fullt ut tilstrekkelig måte innanfor ramma av gjeldande regelverk som òg skal sikre den einskilde integritet, privatsfære og andre garantiar for rettstryggleik.

Gjennom a-ordninga har Arbeids- og velferdsetaten fått eit nytt verkemiddel til å gjere raskare og meir effektive kontrollar for å avdekkje og stoppe feilutbetalningar av stønad som strir mot reell inntekt. Det gjer det no mogleg å avdekkje og stoppe saker mykje tidlegare enn før. Likevel vil Arbeids- og velferdsetaten vere avhengig av at brukaren sjølv rapporterer riktig forventa inntekt for at ytinga skal utbetalast med riktig beløp gjennom heile året. Mellom anna blir ikkje alle slags inntekter registrert i a-ordninga, og ho inneheld ikkje opplysingar om løpande inntekter gjennom året.

Sjølv om det gjerast ein stor innsats i Arbeids- og velferdsetaten for å avdekkje og krevje inn feilutbetalningar, meiner eg det er alvorleg at krav på store beløp likevel går til forelding i Arbeids- og velferdsetaten, og at beløp som er forelda aukar. Det er viktig at feilutbetalningar blir kreve tilbake. Eg tykkjer både det er for høge beløp og for mange saker som blir forelda.

Det har mellom anna kome fram at Arbeids- og velferdsetaten i fjor valde å la vere å følge opp 1100 saker med feilutbetalingar av uførepensjon der det var oppdaga feil. Arbeids- og velferdsdirektoratet vil no gjere ei ny vurdering av desse sakene. Eg har også bede direktoratet gå gjennom rutiner og regelverk med sikte på å forbetre arbeidet med feilutbetalingar.

Med helsing



Anniken Hauglie